Protokoll årsmøte Vossavassdraget forvaltingslag SA
27. april 2017

1. Oddbjørn Helland valt til ordstyrar.
2. Votering skjer med ei stemme per medlem.
3. Sakliste og innkalling godkjent.
4. Joar Grindheim valt til protokollførar. Norvald Hårklau og Helge Gjernes valt til å underteikne protokoll.
5. Oddbjørn Helland leste styret si årsmelding. Helge Gjernes leste opp brev som overlevert og vedlagt protokoll, som kommentar til årsmeldinga. Oddbjørn Helland orsaka at spørsmåla reist i breva ikkje er følgt opp av styret, men det skal følgjast opp vidare framover. Bjarte Tolaas sakna oppsummering etter forsøksfiske og fangstrapportar av sjøaure, sam utsett av yngel.
6. Oddbjørn Helland gjekk gjennom budsjettframlegget. Debatt om å leige eksternt oppsyn, votering enda med 1 stemme mot styret sitt framlegg til utgifter til oppsyn. Budsjettet elles samrøystes vedteke. Innbetaling av medlemskontingent vart vedteke med fullmakt til styret å justere kontingenten slik at det samsvarar med budsjettet. Det skal leggjast til grunn at ein betaler per

gards- og bruksnummer, og at det vert teke omsyn i framtida til inntekts-moglegheitene for dei ulike områda i vassdraget. På innbetalingsgiro må det understrekast at dette er høgare kontigent enn normalt på grunn av oppstartskostnader og for fleire år.
Styret utarbeider nytt forslag til neste årsmøte for fordeling av medlemskontigent.

7. Rune Erling Eikevik valt til styremedlem med Knut I. Geitle som vara.
Heine Mestad valt til styremedlem med Hans Langeland som vara.
Jarle Fadnes og Svein Magne Mykkeltvedt valt som revisorar.
Valkomité utgår. jmfr. pkt 8 i protokoll og saksliste.

8. Styret fornbur framlegg til vedteksendring til neste årsmøte for å endre §7-2 og legge til «1 representant frå Vangsvatnet og oppstraums Vangsvatnet». Vedektsendring elles vart samrøystes vedteke.
9. Styret gjekk ut under handsaminga.
Styrehonorar vedteke med 3.000 kroner til styreleiar per møte og 1.000 kroner til medlemmer.

Norvald Hästlun  Helge Gjerme
Oddb. Helland